

Jf. adresseliste

**Sakshandsamar:** Finn Owen Meling  
**Telefon direkte:** 45427874  
**Dato:** 21.02.2020  
**Referanse:** 18/16395-75

## Ny høyring - søknad om konsesjon for landingsplass på sjø i Eidfjord

Scandinavian Skies AS (org 816 761 352) har lagt fram ein ny søknad om konsesjon for å driva og inneha landingsplass for sjøfly i Eidfjord.

### 1. Nærare om søknaden

Scandinavian Skies AS er eit selskap som legg til rette for flygingar med sjøfly utført av ein lisensiert flygeoperatør. Selskapet fekk i 2017 dispensasjon frå kravet om konsesjon for å driva og inneha landingsplass for sjøfly i Eidfjord kommune for ein driftssesong. Dei søkte om ny dispensasjon i 2018, men fekk avslag på denne søknaden.

Scandinavian Skies AS søkte i slutten av 2018 om ordinær konsesjon for landingsplass for sjøfly i Eidfjord. Denne søknaden vart sendt på høyring frå Luffartstilsynet i desember 2018. I høyringsperioden kom det innspel som gjorde at Scandinavian Skies AS bad om at søknaden vart sett på vent.

I oversending til Luffartstilsynet frå Scandinavian Skies AS 13. februar i år, skriv Scandinavian Skies AS at dei rekna den førre søknaden for å vera trekt tilbake, og at dei no legg fram ein ny søknad om konsesjon.

Det er i søknaden ikkje sagt noko om for kor lang tid det vert søkt om konsesjon, men utgangspunktet i konsesjonsforskrifta er 10 år for landingsplassar til privat bruk.

Det går fram av søknaden at selskapet vil ha hovudbase i Bergen, men at Eidfjord vil vera sekundærbase med sesong frå april til oktober. Det vert søkt om konsesjon for landingsplass til privat bruk, noko som føreset at andre enn konsesjonshavaren berre kan nytta landingsplassen etter løyve frå konsesjonshavaren. Selskapet viser til ein avtale med Eidfjord kommune om eksklusiv rett til bruk av fjordbassenget utanfor Eidfjord til landingsplass. Selskapet understreker at slik eksklusiv rett til å nytta fjordbassenget som landingsplass ikkje gjev sjøflya andre særrettar på sjøen. Anna trafikk på fjorden må følgja ordinære maritime reglar, og det må også sjøflya gjera straks avgangs- eller landingsoperasjonen er gjennomført. Sjøflya må dessutan ta omsyn til anna maritim trafikk når dei landar og tar av.

Luffartstilsynet forstår det slik at selskapet vil tilby rundflyging med turistar, samt taxi og charterflyging, frå april til ut oktober. Sjøflyet vil kunna ta imot passasjerar frå den kommunale tenderkaien, men vil i hovudsak henta passasjerar på Menes, som er ein odde ca. 650 meter vest frå hovudkaien i Eidfjord. Selskapet har ein leigeavtale med ein eigar av ei flytebrygge på Menes, der flyet vil stå parkert når det ikkje er i bruk.

[Luffartstilsynet / Civil Aviation Authority](#)

T: +47 75 58 50 00

F: +47 75 58 50 05

E: [postmottak@caa.no](mailto:postmottak@caa.no)

Postadresse:

Postboks 243

8001 BODØ

Besøksadresse:

Sjøgata 45-47

8006 BODØ

Fakturaadresse:

[fakturamottak@caa.no](mailto:fakturamottak@caa.no)

Fakturamottak DFØ

Postboks 4104

2307 HAMAR

Flytypen som vil bli nytta er Cessna 206. Selskapet skriv at dei har som mål at det vil kunna verta nytta elektrifiserte utgåver av denne flytypen, eller av Cessna 208. Det vert søkt om eit høgste tal på flyrørsler på 70 per veke (35 turar). Flyging skal kunna skje mellom kl. 0800 og kl. 2200 på kvardagar, og mellom kl. 1000 og kl. 2030 på helge- og heilagdagane. I søknaden og vedlegga er det gjort nærare greie for kor flyet vil ta av og landa, og kva ruter som vil verta nytta for rundflygingar.

Scandinavian Skies AS skriv at andre aktørar som ønskjer å fly til Eidfjord må innhenta løyve frå konsesjonshavaren. Slike flygingar vil inngå i det maksimale tal på flyrørsler som er knytt til konsesjonen. Prosedyrar for inn/utflyging og rørsler på det indre hamnebasenget må bli følgde. Det vil i hovudsak vera dei dagane då det ligg cruisebåt til kai at flygingar vil bli gjennomført. Flyet vil ta imot passasjerar på Menes, alternativt på tenderkaien. Destinasjon Eidfjord vil selja turar for Scandinavian Skies AS på provisjon.

I eit vedlegg til konsesjonssøknaden har dagleg leiar i Scandinavian Skies AS gjort nærare greie for ei rekkje sider ved konsesjonssøknaden, og han har mellom anna kommentert tidlegare høyringsinnspel.

## 2. Nærare om konsesjonsregelverket

Alle som vil starta opp, driva eller ha ein landingsplass skal som hovudregel inneha konsesjon, jf. lov 11. juni 1993 nr. 101 om luftfart (luftfartslova) § 7-5 første ledd. Ifølgje luftfartslova § 7-6 skal konsesjon berre bli gitt når det kan bli sameina med allmenne omsyn. Det skal bli henta inn fråsegn frå relevante kommunale og andre styresmakter før konsesjon eventuelt blir gitt.

Vilkåret «forenlig med allmenne hensyn» er nærare presisert i forskrift 11. januar 2007 nr. 40 om konsesjon for landingsplassar (BSL E 1-1 – heretter konsesjonsforskrifta) § 1 bokstav b, som har slik ordlyd:

*«Formålet med forskriften er:*

*b) Å sikre en samfunnstjenlig luftfart og en hensiktsmessig disponering av arealer, og at vurderingen av konsesjonssøknader skjer ut fra hensynet til miljø, helse, flysikkerhet, næringsinteresser, reguleringsplan, kulturlandskap, samt hensynet til regional utvikling og bosetting.»*

Det følgjer vidare av luftfartslova § 7-7 at konsesjon blir gitt for ei bestemt tid, og på slike vilkår som ein finn grunn til å krevja. Konsesjon for landingsplassar til privat bruk blir som hovudregel gitt for ein periode på 10 år, i samsvar med konsesjonsforskrifta § 15.

## 3. Høyringa

Som nemnd ovanfor gjeld denne høyringa ein ny søknad om konsesjon for landingsplass på sjø i Eidfjord. I den førre høyringsomgangen kom det ei rekkje innspel frå høyringsinstansane. Grunnen til at Luftfartstilsynet sender denne nye søknaden på høyring, er at søknaden er endra på fleire punkt frå den førre søknaden. Luftfartstilsynet finn særleg grunn til å framheva:

- Søkjaren har lagt ved ei ROS-analyse.
- Søkjaren har lagt fram ei støyanalyse som viser støysoner.
- Søkjaren har lagt fram tydelegare skisser/skildringar for kva ruter som er tenkt flydd med utgangspunkt i den aktuelle landingsplassen. Søkjaren opplyser om at dei ikkje vil tilby flygingar over Vøringsfossen og hytteområda i Sysendalen lenger, og at dei har flytta

Vår dato  
21.02.2020

Vår referanse  
18/16395-75

flygingane dei tilbyr til område med få eller ingen busetnader. I tillegg til dei skisserte rutene vil det kunna bli flydd taxi-turar til ulike stader i Sør-Noreg.

- Det er gjort avklaringar med omsyn til eksklusiv bruk av hamnebassenget til landingsplass. Søkjaren har lagt ved ei usignert erklæring/avtale frå Eidfjord kommune sin ansvarlege for Eidfjord hamn.
- Det er gjort ei vurdering av utslepp frå verksemda til vatn og luft. Søkjaren har opplyst Luftfartstilsynet om at denne vurderinga er utført av selskapet sjølv, men på grunnlag av data/metodikk henta frå følgjande nettsider:
  - o <https://www.verifavia.com/greenhouse-gas-verification/fq-how-are-aircraft-co2-emissions-calculated-11.php>
  - o [https://www.shell.com.au/motorists/shell-fuels/sds-tds/jcr\\_content/par/textimage\\_278c.stream/1519809888867/e1579e2bb13c53e309e13bad6be6881908514236/avgas-100II-pds.pdf](https://www.shell.com.au/motorists/shell-fuels/sds-tds/jcr_content/par/textimage_278c.stream/1519809888867/e1579e2bb13c53e309e13bad6be6881908514236/avgas-100II-pds.pdf)

Luftfartstilsynet ber høyringsinstansane om ei vid vurdering av konsekvensane av etablering av landingsplass opp mot allmenne omsyn, med særleg vekt på dei omsyna som er tekne inn i konsesjonsforskrifta § 1 bokstav b (sjå ovanfor).

Luftfartstilsynet understreker at søknaden gjeld konsesjon for å etablere ein *landingsplass på sjø*. Saka gjeld slik sett ikkje spørsmålet om den generelle retten til å flyga over definerte område, med unntak av sjølve inn- og utflygingane til og frå landingsplassen.

Dei generelle flygereglane følgjer av anna regelverk enn regelverket for landingsplassar, og seier mellom anna at flyging etter visuelle flygereglar *som eit utgangspunkt* har følgjande avgrensingar:

- Flyging over område der det er tett med bygningar, eller over folkemassar som er samla i friluft, skal ikkje skje i ei høgde under 300 meter (1 000 fot) over det høgste hinderet innafor ein radius på 600 meter frå luftfartyet.
- Flyging over andre område skal ikkje skje i ei høgde som er lågare enn 150 meter (500 fot) over bakken eller vatnet, eller 150 meter (500 fot) over det høgste hinderet innafor ein radius på 150 meter (500 fot) frå luftfartyet.<sup>1</sup>

Desse generelle flygereglane gjeld for alle flygingar (og er strengare for flyging etter instrumentflygereglar), likevel slik at fråvik kan bli aksepterte i gitte tilfelle<sup>2</sup>.

#### 4. Konsesjonsvilkår

Luftfartstilsynet har lagt ved eit utkast til konsesjonsvilkår. Vilkåra byggjer på Luftfartstilsynet sin generelle praksis og mal for vilkår, og på opplysningar i søknaden.

Talet på fløyrrørsler som er nemnde i utkastet til konsesjonsvilkår vil famna om all aktivitet på landingsplassen. Ramma for trafikkomfanget er absolutt. Dersom det i konsesjonsperioden er aktuelt med eit høgare tal på fløyrrørsler, må konsesjonen først bli endra.

Me understreker at dei vedlagde konsesjonsvilkåra er førebelse utkast, og at desse såleis kan bli endra i etterkant av høyringa, også på grunnlag av mottatte fråsegn i høyringsperioden.

<sup>1</sup> Reglane følgjer av forskrift 14. desember 2016 nr. 1578 om lufttrafikkregler og operative prosedyrer (BSL F 1-1), som gjennomfører forordning (EU) nr. 923/2012 i norsk rett.

<sup>2</sup> Sjå BSL F 1-1 kapittel IV, og særskilt § 16.

## 5. Teknisk/operativ godkjenning

Søkjaren skriv at selskapet har hovudbase i Sandviken i Bergen, og at Eidfjord vil vera sekundærbase.

Luftfartstilsynet gjer merksam på at forskrift om krav til teknisk/operativ godkjenning av flyplassar (BSL E 1-2) som hovudregel stiller krav om teknisk/operativ godkjenning for landingsplass som er hovud- eller sekundærbase (vår understreking) for ervervsretta luftfartsføretak. I så fall må krava i *forskrift om utforming av sjøflyplassar (BSL E 3-4)* vera tilfredsstilte.

## 6. Høyringsfrist

Me ber om at eventuelle fråsegn til søknaden blir sende til Luftfartstilsynet **innan 24. april 2020**.

Fråsegn kan bli sendt pr. e-post til: [postmottak@caa.no](mailto:postmottak@caa.no), eller pr. post til: Luftfartstilsynet, Pb 243, 8001 Bodø. Merk helst fråsegnet med saksnummer 18/16395.

Med unntak av dette høyringsbrevet, blir ikkje dokumenta som inngår i høyringa sende til høyringsinstansane. Samtlege høyringsdokument, herunder bakgrunnsmateriale, er tilgjengelege på [www.luftfartstilsynet.no](http://www.luftfartstilsynet.no), under «Høyringer».

Kommunen må i samband med høyringa sjølv vurdera om søknaden skal bli lagt ut på lokal kommunal høyring før eventuell fråsegn blir gitt.

Med venleg helsing

Nina B. Vindvik  
juridisk direktør  
Direktoratsavdelinga

Finn O. Meling  
juridisk seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjend og krev derfor ikkje signatur.*

Vedlegg:

- Konesjonssøknaden med vedlegg
- Ukast til konsesjonsvilkår

Høyringsliste:

- Eidfjord kommune - [postmottak@eidfjord.kommune.no](mailto:postmottak@eidfjord.kommune.no)
- Fylkesmannen i Vestland - [fmvlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvlpost@fylkesmannen.no)
- Vestland fylkeskommune - [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no)

Vår dato  
21.02.2020

Vår referanse  
18/16395-75

---

- Kystverket – [post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no)
- Naturvernforbundet i Hordaland - [hordaland@naturvernforbundet.no](mailto:hordaland@naturvernforbundet.no)
- Den Norske Turistforening – [info@turistforeningen.no](mailto:info@turistforeningen.no)
- Norsk Friluftsliv - [post@norskfriluftsliv.no](mailto:post@norskfriluftsliv.no)
- Bergen og Hordaland Turlag – [post@bergen-turlag.no](mailto:post@bergen-turlag.no)
- Katharina Hedén - [katarinahedenl@gmail.com](mailto:katarinahedenl@gmail.com)
- Ingeborg Tulle Stakseng – [ingstakseng@hotmail.com](mailto:ingstakseng@hotmail.com)
- Solbakken Velforening - [solbakkenvelforening@gmail.com](mailto:solbakkenvelforening@gmail.com)
- Frank Johannessen – [frajoh59@gmail.com](mailto:frajoh59@gmail.com)
- Øvre Åstestølen Hyttevel – [kstorhei@online.no](mailto:kstorhei@online.no)
- Jon Øysteinsen – [jono.1@hotmail.com](mailto:jono.1@hotmail.com)
- Anny Bastesen - [anny.bastesen@bkkfiber.no](mailto:anny.bastesen@bkkfiber.no)
- Bård Støve – [bard.stove@gmail.com](mailto:bard.stove@gmail.com)
- Post Rauhelleren – [mail@rauhelleren.no](mailto:mail@rauhelleren.no)
- Turid Lien og Nils Terje Sandal – [turidlien75@gmail.com](mailto:turidlien75@gmail.com)
- RC Isaksen – [ralcis@online.no](mailto:ralcis@online.no)
- Feetaleite Hyttelag – [magnus.frydnes@gmail.com](mailto:magnus.frydnes@gmail.com)
- Frode Hassel – [frode.hassel@gmail.com](mailto:frode.hassel@gmail.com)
- May Britt Midtbø - [mmidtb@gmail.com](mailto:mmidtb@gmail.com)
- Eidfjord Næringslag - [eidfjordnaringslag@gmail.com](mailto:eidfjordnaringslag@gmail.com)
- Destinasjon Eidfjord AS – [marit@visiteidfjord.no](mailto:marit@visiteidfjord.no)
- Karen Anita Nordeide og Ove Sjøvangen - [karen.anita.nordeide@sbanken.no](mailto:karen.anita.nordeide@sbanken.no)
- Evjo aktivitetssenter - [evjoaktiv@eidfjord.net](mailto:evjoaktiv@eidfjord.net)
- Finse Hytteforening - [monssen@guideadvokat.no](mailto:monssen@guideadvokat.no)
- Lars Olav Prestegård - [loprest@gmail.com](mailto:loprest@gmail.com)
- Liset hyttevel - [christian.hybertsen@gmail.com](mailto:christian.hybertsen@gmail.com)
- Gryteskar vel - [reidarfl@online.no](mailto:reidarfl@online.no)
- Finse 1222 AS - [trygve@finse1222.no](mailto:trygve@finse1222.no)
- Lisbeth Bygstad Celik - [lisbethbygstad@hotmail.com](mailto:lisbethbygstad@hotmail.com)